



<b>REFERAT FRÅ</b>	Dialogmøte Trafikkplan Nordhordland				
<b>MØTELEIAR</b>					
<b>REFERENT</b>	Vigdis Bjørge, Skyss				
<b>MØTEDATO</b>	06.06.2016	<b>TID</b>		<b>MØTESTAD</b>	Skyss
<b>REF. DATO</b>	16.06.2016	<b>ARKIVSAK</b>		<b>ARKIVNR</b>	
<b>DELTAKARAR</b>	Karstein Totland, ordførar Masfjorden kommune Eivind Draugsvoll og Vigdis Bjørge, Skyss				
<b>FRÅVÆR</b>					
<b>KOPI TIL</b>					

## Dialogmøte om innspel til trafikkplan Nordhordland

### Agenda for møte

- Kort innleiing om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland v/Skyss
- Presentasjon av innspel v/kommunen
- Felles drøfting
- Oppsummering

Vigdis Bjørge innleia kort om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland:

- Kollektivstrategi for Hordaland og Handlingsprogram 2016-2019 gir overordna føringar for utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Dokumenta ligg på [www.skyss.no/rapportar](http://www.skyss.no/rapportar).
- Trafikkplanen Nordhordland skal danne grunnlag for spesifikasjon av rutetilbodet i nytt bussanbod for regionen. Nytt anbod skal lysast ut mars 2017. Trafikkplanen skal leggast fram til politisk handsaming før utlysing.
- Trafikkplanen legg til grunn dagens produksjon som økonomisk ramme for nytt anbod. Endringar i rutetilbodet må difor basere seg på omprioriteringar innanfor di gitte rammene.
- Skyss vil legge fram framlegg til trafikkplan Nordhordland i regionrådet til hausten.

Masfjorden kommune hadde på førehand sendt inn sine innspel, til felles gjennomgang og drøfting:

- Tingingsrute Andås vegkryss-Masfjordnes/Andvik
- Betre korrespondanse buss/ferje på Masfjordnes kai
- Seinare skulestart og –slutt på Sandnes skule
- Direkteruter mellom Bergen og Knarvik

Oppsummering:

- Tingingsruta som vart nedlagt i 2015 var finansiert med KID-midlar. KID-ordninga er avslutta, og eit eventuelt fredagstilbod vil krevje ei omprioritering innanfor dagens



produksjon. Ei realisering av bru mellom Masfjordnes og Duesund opnar for nye moglegheiter for ruteplanlegginga i området.

- Skyss vil sjå på korrespondansane buss/ferje på Masfjordnes kai
- Endring av skolestart og seinare morgonbuss frå Masfjordnes kai vil gi konsekvensar for tilknyttede rutar, mellom anna Knarvik-Bergen. Kommunen vil ta ein ny runde om saka. Igjen vil brusamband kunne gi opning for andre løysingar knytt til skuleskyssavvikling.